

Høyringsnotat

Politiavdelinga

Dato: 5. juli 2024

Saknr: 24/4491

Høyringsfrist: 1. oktober 2024

Forslag til endringar i våpenforskrifta – løyveplikt for svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner

Innhald

1	Innhaldet i høyringsnotatet	1
2	Bakgrunnen for forslaget	2
3	Gjeldande rett	3
3.1	Unntak frå løyveplikta for svartkrutvåpen produserte før 1890	3
3.2	Krav til grunnlag for erverv og innehav	3
4	Regelverket i andre land	4
4.1	Sverige	4
4.2	Danmark	4
4.3	Finland	4
4.4	Storbritannia	5
5	EU sitt våpendirektiv og FN sin våpenprotokoll	5
6	Departementet si vurdering	6
6.1	Løyveplikt for svartkrutvåpen som kan avfyre ferdigladde patroner	6
6.2	Krav til grunnlag for innehav og erverv av løyvepliktige svartkrutvåpen produsert før 1890	8
6.3	Forslag til overgangsregel	9
7	Økonomiske og administrative konsekvensar	9
8	Forslag til endringar i våpenforskrifta	10

1 Innhaldet i høyringsnotatet

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår i dette høyringsnotatet endringar i forskrift 7. mai 2021 nr. 1452 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenforskrifta). Forslaget går ut på å innføre løyveplikt for svartkrutvåpen

produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladdede patroner. Samtidig foreslår departementet å lempe på krava til grunnlaget for å erverve og inneha slike våpen.

2 Bakgrunnen for forslaget

Ny våpenlov vart vedtatt 20. april 2018 og tok til å gjelde 1. juni 2021, saman med ny våpenforskrift. Forskrifta § 2-3 nr. 9, som fastset at svartkrutvåpen produserte før 1890 er fritaken frå løyveplikta som elles følger av våpenlova § 5 første ledd, fører vidare ei tilsvarande føresegn i den tidlegare våpenforskrifta (2009) § 1.

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt høyringsnotat 12. mars 2020 om ny våpenforskrift er det vist til at svartkrutvåpen produserte før 1890 ofte har ei sein skottakt, er krevjande å bruke og at mange slike våpen ikkje lenger er i funksjonell stand. Høyringsinstansane vart uttrykkeleg bedne om å gje innspel til om slike våpen burde omfattast av løyve- og registreringsplikta. I høyringa anbefalte Politidirektoratet, Kripos, PST og fire politidistrikt (Finnmark, Troms, Vest og Trøndelag) å innføre løyveplikt for svartkrutvåpen som kan avfyre moderne einingspatroner. Tre politidistrikt var negative (Oslo, Sør-Vest og Innlandet). Organisasjonane som uttalte seg var også negative, blant dei Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norsk Våpeneierforbund. Løyveplikt for svartkrutvåpen vart ikkje innført.

I brev 12. oktober 2022 har Politidirektoratet bedt departementet om å vurdere å endre reglene for svartkrutvåpen. Det er vist til ein etterretningsrapport frå Kripos om antikke skytevåpen i kriminelle miljø. Rapporten er utforma på bakgrunn av at EU-kommisjonen i eit EMPACT-møte (European Multidisciplinary Platform Against Criminal Threats) 21. januar 2021, oppfordra deltakarlanda til å undersøke kva trussel antikke skytevåpen utgjer i heimlandet. Kommisjonen viste til indikasjonar på at slike våpen er, eller er på veg til å verte, ein betydeleg trussel i fleire europeiske land. I møtet vart det nemnd at slike våpen har vore brukt i terrorangrep, og at det skal vere registrert auka aktivitet på «det mørke nettet», inkludert sal av heimelaga ammunisjon til antikke skytevåpen.

Kripos skriv i sin etterretningsrapport at informasjon dei har innhenta tilseier at kriminelle nyttar antikke våpen nettopp fordi dei ikkje er registreringspliktige. Kripos viser mellom anna til ei ransaking av ein kjent kriminell der det vart gjort funn av ein revolver og ammunisjon. Mistenkte opplyste om at revolveren var antikk. Politiet har også kjennskap til at ein kriminell person oppbevarer og sel funksjonelle antikke våpen.

Det er ei utfordring at funksjonelle våpen ikkje kan beslagleggast grunna deira produksjonsår. Kripos viser til ei sak der det er vart avgjort at ein revolver skulle leverast tilbake til ein kjent kriminell grunna tvil om datering. I ei anna sak tok politiet beslag i eit stort antal våpen. Eigar vart dømt for brot på våpenlova og fleire våpen vart inndregne, men våpen som vart produsert før 1890 fekk domfelte utlevert att.

Etterretningsrapporten viser også at antikke våpen kan knytast til alvorleg kriminalitet. I ei sak frå 2022, der ein person vart skoten i Oslo-området, opplyste sikta om at han eigde fleire skytevåpen produsert før 1890. I ei sak frå 2021 vart ein våpensamlar som eigde fleire antikke skytevåpen dømt for drapsforsøk mot seks personar. I ei dobbeltdrapssak frå Tromsø i 2014 vart det i saka lagt beslag på antikke våpen.

I Kripos sin etterretningsrapport er det konkludert med at det er sannsynleg at det i dei kriminelle miljøa er kjent at svartkrutvåpen produsert før 1890 lovleg kan ervervast, og det er sannsynleg at kriminelle har tilgang til slike våpen. Politidirektoratet er på bakgrunn av informasjonen frå Kripos bekymra for utviklinga, og vurderer at behovet for regulering av slike våpen har økt vesentleg etter at våpenlova og tilhøyrande forskrift vert fastsett.

3 Gjeldande rett

3.1 Unntak frå løyveplikta for svartkrutvåpen produserte før 1890

Den som vil erverve eller ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, må ha løyve frå politiet, jf. våpenlova §§ 5 til 7. For å få løyve må søkar oppfylle krava til alder, vandel og personlege eigenskapar, jf. §§ 15 til 17. Krav til grunnlag for å kunne erverve eller inneha våpen følger av §§ 11 til 14.

Det er i våpenforskrifta, med heimel i våpenlova § 5 tredje ledd, gjort unntak frå kravet til løyve for enkelte typar skytevåpen. I forskrifta § 2-3 første ledd nr. 9 er det gjort unntak for svartkrutvåpen produsert før 1890. Skytevåpen konstruert for bruk av svartkrut, men med produksjonsår 1890 eller seinare, fell ikkje inn under unntaket. Det same gjeld skytevåpen som er konstruert for bruk med anna drivmiddel enn svartkrut, sjølv om det er produsert før 1890, så lenge våpenet ikkje er omfatta av eit av dei andre unntaka i § 2-3.

I Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD-2022-8, punkt 2.2.4.9, er det presisert at «[u]nntaket omfatter svartkruttvåpen for både patronert og ikke-patronert ammunisjon i original utførelse», og vidare at ombygde skytevåpen ikkje omfattast, «herunder oppgraderinger eller endringer av løpet, riflingen eller kammer».

Skytevåpen og våpendelar som det er løyveplikt for skal registrerast i det sentrale våpenregisteret, jf. våpenforskrifta § 2-8. Registreringsplikta gjeld også for skytevåpen og våpendelar som er meldepliktige etter § 2-2 andre ledd, § 2-3 andre ledd og § 2-4 andre og fjerde ledd. Svartkrutvåpen produsert før 1890 er verken løyvepliktige eller meldepliktige etter dei føresegna som er lista opp, og er følgeleg heller ikkje registreringspliktige.

3.2 Krav til grunnlag for erverv og innehav

Løyve til erverv eller innehav av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan tildelast til jakt, sportsskyting og samling, jf. våpenlova §§ 11 til 13. I tillegg følger det av § 14 at personar som kan dokumentere eit behov eller annan rimeleg grunn for å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til andre føremål enn dei som er nemnde i §§ 11 til 13, kan få løyve til erverv og innehav av slike gjenstandar. Behov eller annan rimeleg grunn kan til dømes vere «minneverde, museumsføremål eller næringsverksemd». Opplistinga i andre punktum er ikkje uttømmende.

Med heimel i våpenlova § 41 nr. 13 er det i våpenforskrifta kapittel 5 gjeve nærare føresegner om ervervsgrunnlag etter § 14, samt krav til opplæring, kva våpentypar som kan ervervast, og kor mange løyvepliktige skytevåpen og våpendelar, jf. §§ 5 og 6, som kan ervervast etter § 14. Etter våpenforskrifta § 5-4 kan politiet gje løyve til erverv og innehav av skytevåpen på grunnlag av «arv eller minneverde».

Av føresegna følger at det kan tildelast løyve til erverv og innehav av totalt tre rifler eller haglevåpen som minne etter arvelatar i rett opp- eller nedstigande slektslinje. Politiet kan berre gje løyve til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik gjennom til dømes førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon.

4 Regelverket i andre land

4.1 Sverige

Erverv og innehav av skytevåpen er i Sverige regulert i vapenlagen (1996:67). Innehav av skytevåpen krev løyve frå politiet, jf. 1. kap. 1 §. Skytevåpen er i 1. kap. 2 § definert som våpen som ved hjelp av drivmiddel kan skyte ut prosjektil eller liknande gjenstandar. Som skytevåpen reknast ikkje «skjutvåpen som har tillverkats före år 1890 och som inte är avsedda för gastäta enhetspatroner», jf. 1 kap. 4 § b). Ein gasstett patron er «en patron som är självtätande i patronläget vid avfyring och förhindrar krutgas att tränga ut bakåt», jf. Prop. 2005/06:113 s. 53. Unntaket retter seg først og fremst mot skytevåpen som ladast frå munningen, men også skytevåpen som vert lada på annan måte er omfatta av unntaket så lenge dei ikkje er berekna på gasstette einingspatroner.¹

4.2 Danmark

I Danmark er det våbenloven av 26. august 2021 nr. 1736 som regulerer privatpersonar sin tilkomst til våpen. I Justisministeriets våbenbekendtgørelse av 20. desember 2021 nr. 2531 er reglane i våbenloven utfylt og presisert.

Innførsel, erverv, tilverking, innehav og bruk av skytevåpen krev som hovudregel løyve, jf. våbenloven § 2, jf. § 1. Etter våbenbekendtgørelsen § 1 reknast ikkje følgande våpen som skytevåpen etter våbenloven § 1 stk. 1, nr. 1:

- «1) Forladevåben, der er fremstillet før 1870.
- 2) Bagladevåben, der er fremstillet før 1870, og som ikke kan anvende enhedspatroner»

For skytevåpen med modell- eller framstillingsår seinast 1890 vert tillating gjeve utan ei øvre antalsgrense, jf. våbenbekendtgørelsen § 51 nr. 2. Til personar som godtgjer at dei er våpensamlarar, kan det tildelast tillating til erverv og innehav av skytevåpen med modell eller framstillingsår seinast 1890, jf. våbencirkulæret av 1. desember 2016 § 13.

4.3 Finland

Privatpersonar sin våpentilkomst er i Finland regulert av skjutvapenlagen av 9. januar 1998 nr. 1. Nærare bestemte former for omgang med skytevåpen krev som hovudregel løyve frå politiet, jf. 2 kap. 18 §. Svartkrutvåpen reknast som skytevåpen etter definisjonen i skjutvapenlag 1. kap. 6 §.

Det følger av skjutvapenlag 2. kap. 19 § at det ikkje stillast krav til løyve (tillstånd) for:

¹ [Licenskrav för mynningsladdare \(Svar på skriftlig fråga 2016/17:1781 besvarad av Justitie- och inrikesminister Morgan Johansson \(S\)\) | Sveriges riksdag \(riksdagen.se\)](#)

«transport och förvaring av sådana svartkrutvapen som tillverkats före 1890 och som endast lämpar sig för att avfyras med svartkrut. Tillstånd krävs inte heller för att ha sådana svartkrutvapen på museum eller i en samling, om det inte skjuts med vapnen. Bestämmelser om att också andra vapenhistoriskt värdefulla gamla skjutvapen kan befrias från tillståndsplikten under de förutsättningar som anges i detta moment får utfärdas genom förordning av inrikesministeriet.»

Som svartkrutvapen reknast originalvapen av si tid som berre kan bruke svartkrut og som ikkje har vore forsterka eller elles endra for ladning som inneheld røyksvakt krut, jf. RP 183/1997 rd, s. 71. Løyvefritaket gjeld berre for transport og forvaring av slike vapen og ved oppbevaring på museum eller i ei samling, og berre dersom våpenet ikkje skal fyrast av. Om det skal skytast med svartkrutvapen produsert før 1890 er det krav til løyve som tillèt dette.

4.4 Storbritannia

Etter paragraf 58 (2) i Firearms Act 1968 er antikke skytevåpen som ein skal selje, overføre, kjøpe, erverve eller inneha unntatt frå dei fleste kontrolltiltaka i lova.

Tidlegare definerte ikkje lova antikke skytevåpen, men i paragraf 126 i the Policing and Crime Act 2017 er det nå gjeve ein definisjon av omgrepet i paragraf 58 ledd (2A) til (2H) i Firearms Act. Reguleringa er detaljert med referanse til kva type patron skytevåpenet er designa for å bruke og til skytevåpenet sitt framdriftssystem. For å reknast som ein antikvitet må skytevåpenet vere tilverka før 1. september 1939, jf. paragraf 58 (2D) i Firearms Act 1968.

Endringa, som tok til å gjelde 22. mars 2021, vart innført som følge av ein auke i talet på beslag av antikke våpen i samband med kriminelle handlingar. I «explanatory memorandum to the antique firearms regulations 2021 no. 215» punkt 7.1 vert det vist til ein auke i talet på beslag av antikke våpen i samband med kriminalitet frå fire våpen i 2007 til 96 i 2016. Talet er sidan redusert til 87 i 2017, 80 i 2018 og 68 i 2019.

5 EU sitt våpendirektiv og FN sin våpenprotokoll

EU sitt våpendirektiv (EU) 2021/555 inneheld minimumskrav til medlemsstatane sin nasjonale våpenkontroll. Direktivet, som konsoliderer det opphævelege våpendirektivet 91/477/EEC og endringsdirektiva 2008/51/EC og (EU) 2017/853, er Schengen-relevant og implementert i norsk rett gjennom våpenlova. EU vart 25. januar 2022 notifisert om at Noreg har godtatt direktiv (EU) 2021/555.

Etter direktivet artikkel 7 og 10, jf. vedlegg I, skal medlemsstatane sørge for at erverv og innehav av nærare bestemte skytevåpen, våpendelar og ammunisjon krev løyve. Det følger vidare av artikkel 6 nr. 1 at løyve berre skal tildelast til personar som har «good cause».

Våpen som reknast som antikke er ikkje omfatta av direktivet sin definisjon av skytevåpen så langt dei ikkje er inkludert i kategoriane i direktivet punkt II i vedlegg I og er underlagt nasjonal lovgiving. Våpen som reknast som antikke etter nasjonal lovgiving er altså unntatt frå direktivets verkeområde så lenge desse ikkje fell inn under kategoriane i punkt II. Det er ikkje gjeve ein felleseuropeisk definisjon av antikke våpen, slik at det er opp til medlemslanda sjølve å definere dette.

FN sin våpenprotokoll vart fastsett 31. mai 2001, og inngår som ein del av FN-konvensjonen om grenseoverskridande organisert kriminalitet. Både konvensjonen og våpenprotokollen vart ratifisert av Norge 15. september 2003, sjå St.prp.nr.58 (2002-2003). Protokollen inneheld minimumsstandardar for våpenkontroll. Antikke våpen og etterlikningar av slike reknast ikkje som skytevåpen etter protokollen. Av artikkel 3 bokstav a i protokollen går det fram at antikke skytevåpen og etterlikningar av slike skal definerast i samsvar med nasjonal lovgiving. Det er presisert at skytevåpen som er produserte etter 1899 ikkje kan reknast for å vere antikke.

6 Departementet si vurdering

6.1 Løyveplikt for svartkrutvåpen som kan avfyre ferdigladde patroner

Departementet foreslår å endre våpenforskrifta § 2-3 nr. 9 slik at svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner, vert løyvepliktige.

Bakgrunnen for forslaget er informasjon departementet har mottatt frå Politidirektoratet og Kripos om at kriminelle aktørar nyttar seg av slike eldre våpen nettopp fordi desse ikkje er løyve- og registreringspliktige. Kripos har følgjande avsluttande vurderingar i sin etterretningsrapport:

«(U) Basert på tilgjengelig informasjon er det *sannsynlig* at det er stor tilgjengelighet av funksjonsdyktige antikke skytevåpen og at kriminelle aktører er kjent med at disse ikkje er registreringspliktige. Det er stor usikkerhet knyttet til tilgjengelig tallmateriale og kildegrunnlaget, men det foreligger nok informasjon til å understøtte vurderingen.

(U) Ikke-registreringspliktige antikke skytevåpen er i seg selv samlereobjekter, men inngår også øvrige våpensamlinger med registreringspliktige våpen og det er *sannsynlig* at kriminelle aktører skaffer våpen via slike samlere/selgere.

(U) Til tross for at det også er tilgjengelighet av registreringspliktige våpen, ombygde knallvåpen og øvrige reaktiverte skytevåpen utgjør funksjonsdyktige antikke skytevåpen *sannsynlig* en del av kriminelle aktørers tilgang på våpen, men omfanget er ikkje mulig å fastslå mer konkret.»

Kripos nyttar seg av ulike omgrep for å uttrykke grad av sannsyn, og beskriv omgrepet som at det er «grunn til å forvente», eller 60-90 % sannsyn (NATO standard). Etter Kripos si vurdering er det såleis grunn til å forvente at det er stor tilgang på funksjonsdyktige antikke våpen, og at kriminelle aktørar både har tilgang til desse og er kjent med at slike våpen lovleg kan ervervast.

At kriminelle har tilgang til funksjonsdyktige våpen utgjer ein potensiell samfunnsrisiko. Etter departementet si vurdering viser Kripos sin rapport at behovet for regulering av tilkomsten til antikke våpen på nytt har aktualisert seg.

Departementet viser også til auka internasjonal merksemd om farepotensialet ved eldre, funksjonsdyktige våpen som ikkje er underlagt regulering. I møte med IACP, den største organisasjonen i verda for politileiarar, sin Firearms Committee 18. desember 2019, stilte fleire av EU sine medlemsstatar spørsmål ved at unntaket frå krava i våpendirektivet for antikke skytevåpen er basert på produksjonsåret og ikkje på ei vurdering av deira evne til å forårsake skade, og eit fleirtal av medlemsstatane ønska å harmonisere reglane for antikke våpen på EU-nivå. I EMPACT-møtet 21. januar 2021, som er omtalt i Kripos sin rapport, viste

EU-kommisjonen til at det er indikasjonar på at antikke våpen er, eller er på veg til å verte, ein betydeleg trussel i fleire europeiske land. I kommisjonen sin rapport 27. oktober 2021 om bruken av våpendirektivet, (EU) 2021/555, er det i punkt 3.1.3 uttalt:

“Firearms that could potentially qualify as “antique weapons” are sometimes used in criminal activities, as shown for instance by the 2018 terror attack in Strasbourg where nine people were killed and 11 were wounded. Nevertheless, Annex I, part III of the Firearms Directive, provides that objects that are regarded as “antique weapons” are excluded from the definition of “firearms” and therefore out of the scope of the Directive where these have not been included in the categories of the Directive and are subject to national laws.”

Både i svensk, dans og finsk våpenlovgiving er det som i norsk rett gjort unntak frå elles gjeldande krav om løyve for eldre våpen, men i desse landa er unntaka avgrensa av patrontype eller bruk. Storbritannia stramma for få år sidan inn sitt regelverk for antikke våpen som følge av ein auke i talet på beslag av slike våpen i forbindelse med kriminelle handlingar.

Gjeldande unntak frå løyveplikta for svartkrutvåpen er som nemnd grunna i at slike våpen ofte har lågare skottakt, er krevjande å bruke og at mange slike våpen ikkje lenger er i funksjonell stand. Basert på den nye informasjonen frå Politidirektoratet og Kripas, samt den internasjonale trenden, meiner departementet at denne grunngjevinga ikkje lenger står seg. Funksjonelle svartkrutvåpen frå før 1890 kan ha eit stort skadepotensial. At erverv og innehav av slike skytevåpen ikkje er underlagt krav om løyve kan føre til at personar som ikkje fyllar lova sitt krav til alder, personlege eigenskapar, vandel og grunnlag for erverv og innehav, lovleg kan kome til å ha slike skytevåpen. God våpenkontroll føreset at politiet har oversikt over kven som har lovleg tilgang til slike skytevåpen som utgjør ein risiko for uønskete hendingar med våpen, og kontroll med at desse personane er skikka til å inneha våpen.

Innføring av løyveplikt for svartkrutvåpen produsert før 1890 vil gjere det vanskelegare for personar som ein ikkje ønsker at skal ha tilgang til funksjonsdyktige våpen, å få tilgang til slike. Løyveplikt vurderast som eit relevant og forholdsmessig kriminalitetsførebyggande tiltak. Erverv og innehav av løyvepliktige våpen utan løyve vil kunne straffast, og inndraging vil hindre at gjenstandane utleverast eller fell til kriminelle personar eller miljø på nytt. Løyveplikt vil også gje politiet betre kontroll med omsettinga, som i dag hovudsakeleg går føre seg fritt på internett, messer eller gjennom brukthandlar.

Nokre svartkrutvåpen produsert før 1890 kan ladast med patroneiningar som består av hylse, prosjektil, drivmiddel og tennsats. Politidirektoratet har i sitt innspel til departementet foreslått at svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre «hylselaus ammunisjon» framleis skal vere unntatt frå løyveplikta.

I høyringsnotatet om gjeldande våpenforskrift omtalte departementet dei våpena som eventuelt burde underleggast løyveplikt som svartkrutvåpen som kan avfyre «ferdigladde patroner». Omgrepet «ferdigladde patroner» brukast i våpenforskrifta §§ 4-14 og 6-3, og er såleis eit etablert omgrep i forskrifta. Departementet foreslår å definere omgrepet i § 1-1 nr. 19.

Svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner har eit større skadepotensial enn tilsvarande våpen som ikkje kan avfyre slik ammunisjon, slik som skytevåpen som ladast frå munninga og perkusjonsvåpen.

Politidirektoratet opplyser at enkelte revolverar og magasinriflar kan ladast med fleire slike patroner. Dette gjer det ifølge direktoratet mogleg med høg skottakt og hurtig omlading, og skadepotensialet vil vere tilsvarande som for andre løyvepliktige, moderne patronvåpen.

Departementet vurderer, som Politidirektoratet, at svartkrutvåpen frå før 1890 som kan avfyre moderne ammunisjon i form av ferdigladde patroner, har eit så stort skadepotensial at dei bør underleggast løyveplikt, og dermed også registreringsplikt. Svartkrutvåpen produsert før 1890 som ikkje kan avfyre ferdigladde patroner har ikkje det same skadepotensialet.

Departementet foreslår etter dette at løyveplikta knyttast til skytevåpenet si evne til å avfyre ferdigladde patronar. Eit slikt avgrensingskriterium liknar gjeldande regulering i Sverige og Danmark, der unntaket er knytt til våpenet si evne til å avfyre bestemte ammunisjonstypar. Skytevåpen som ladast frå munningen eller direkte i kammer og som er produsert før 1890 vil med forslaget her framleis vere fritekne frå løyveplikt.

Dersom § 2-3 endrast som foreslått her, må også § 10-1 nr. 4 endrast tilsvarande.

6.2 Krav til grunnlag for innehav og erverv av løyvepliktige svartkrutvåpen produsert før 1890

Løyve til erverv eller innehav av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan tildelast til jakt, sportsskyting og samling, jf. våpenlova §§ 11 til 13, og til personar som kan dokumentere eit behov eller anna rimeleg grunn, jf. § 14. Departementet foreslår å lempe på krava til behovsprøvinga for svartkrutvåpen produserte før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner, jf. forskriftsheimelen i våpenlova § 41 nr. 13.

Svartkrutvåpen produserte før 1890 er ikkje registreringspliktige, og det finst derfor ingen offisiell oversikt over kor mange slike skytevåpen som eksisterer i Noreg i dag. Det er grunn til å tru at det er snakk om eit betydeleg tal og at ei innføring av løyveplikt vil få verknad for mange våpeneigarar. Sjølv om mange innehavarar av slike våpen truleg allereie har løyve til jakt, sportsskyting, samling eller anna føremål, finnes det nok også mange som ikkje har det.

Fordi slike skytevåpen ofte er erverva på grunnlag av arv eller har affeksjonsverdi av andre grunnar, foreslår departementet å endre våpenforskrifta § 5-4 for å tydeleggjere når «arv eller minneverde» kan danne grunnlag for erverv eller innehav av slike skytevåpen. Etter departementet sitt syn bør det kunne tildelast løyve til dei som har arva slike våpen uavhengig av kven som er arvelatar. Det bør også kunne tildelast løyve til søkarar som kan vise til anna affeksjonsverdi knytt til det konkrete skytevåpenet. Dei aktuelle våpena er svært gamle, og kan ha gått i arv i generasjonar. Mange av våpena er truleg også i dårleg stand. Som Politidirektoratet framhevar, vil det derfor særleg vere høvet til kontroll med søkaren sin vandel og personlege eigenskapar som tilseier løyveplikt for denne type våpen. Etter departementet si vurdering bør det derfor ikkje stillast strenge krav til grunnlag for erverv og innehav for dei som søker om løyve.

Dersom vedkommande elles oppfyller krava til alder, vandel og personlege eigenskapar etter våpenlova §§ 15 og 16, meiner departementet at arv eller affeksjonsverdi bør vere tilstrekkeleg grunnlag for erverv og innehav. Departementet ser ikkje grunn til å stille krav om dokumentert våpendugleik eller å sette ei øvre grense for antal våpen, slik det i våpenforskrifta § 5-4 andre og tredje ledd er gjort for andre våpen der arv eller affeksjonsverdi er grunnlaget for erverv og innehav. Departementet foreslår derfor å gjere unntak frå krava i forskrifta § 5-4 andre og tredje ledd for løyve og innehav av svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner.

6.3 Forslag til overgangsregel

Av omsyn til dei som allereie innehar svartkrutvåpen som vert løyvepliktige, foreslår departementet at løyveplikten for *innehav* først skal tre i kraft 12 månader etter at forskriftsendinga er vedtatt. Dette vil gje innehavaren tid til å områ seg og til å søke om løyve.

Dette medfører at dei som innehar svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner, innan eitt år etter forskriftsendinga enten må ha søkt om løyve til å inneha våpenet eller må ha levert våpenet til politiet eller avhenda det til ein person med løyve til å erverve og ha slikt våpen.

Kravet om løyve for erverv av slike skytevåpen bør tre i kraft med ein gong.

Politidirektoratet har anbefalt at behandlinga av søknadar om løyve til innehav av svartkrutvåpen som vert løyvepliktige etter forslaget i dette høyringsnotatet, skal vere gebyrfri. Dette kan bidra til å oppnå at flest mogleg søker om løyve og registrerer dei aktuelle våpena. Departementet er einig, likevel slik at det etter departementet sitt syn berre bør gjerast unntak frå kravet til gebyr etter våpenforskrifta § 12-2 i overgangsperioden. Dersom framtidige erverv av slike våpen skjer på bakgrunn av arv, gåve eller sal mellom familiemedlemmer i rett opp- eller nedstigande linje, er det uansett unntak frå kravet til gebyr, jf. § 12-3 nr. 1.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er vanskeleg å anslå kor mykje meirarbeid innføring av løyveplikt for dei aktuelle svartkrutvåpena vil medføre for politiet si våpenforvaltning. I overgangsperioden må det forventast ein auke i arbeidsmengde i form av registrering og behandling av søknadar om løyve, som igjen vil kunne føre til lengre saksbehandlingstid. Det vil også krevje ressursar å legge til rette for innlevering og destruksjon. Departementet legg samtidig til grunn at dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaget ikkje er større enn at dei vil kunne handterast innafor gjeldande budsjettamme.

Gjennomføring av krav om løyve og registrering av aktuelle skytevåpen føreset at endringa vert gjort kjent, og at politidistrikta sine våpenkontor vert satt i stand til å handtere ein eventuell auke i pågangen. Det vert lagt til grunn at politiet set i verk eit målretta informasjonsarbeid for å sikre at vâpeneigarar vert gjort kjent med endringane.

Etter overgangsperioden vil kostnadene knytte til løyveplikt heilt eller delvis kunne dekkast gjennom gebyr.

8 Forslag til endringar i våpenforskrifta

Departementet foreslår følgande endringar i forskrift 7. mai 2021 nr. 1452 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon:

§ 1-1 nr. 19 skal lyde:

19. Ferdigladde patroner: hylse med tennmiddel, drivladning og prosjektil foreina i ein patron.

§ 2-3 nr. 9 skal lyde:

9. svartkrutvåpen produsert før 1890 som ikkje kan avfyre ferdigladde patroner

§ 5-4 fjerde ledd skal lyde:

Politiet kan gje personar løyve til å erverve og ha svartkrutvåpen produsert før 1890 som kan avfyre ferdigladde patroner som minne også etter andre arvelatarar enn dei som er nemnde i første ledd. Politiet kan også gje personar løyve til å erverve og ha slike skytevåpen dersom det føreligg anna form for minneverde. Ved søknad om løyve til erverv eller innehav av slike skytevåpen gjeld ikkje første ledd andre punktum, andre og tredje ledd.

§ 10-1 nr. 4 skal lyde:

4. svartkrutvåpen produsert før 1890 som ikkje kan avfyre ferdigladde patroner, og